

VURDERINGSRAPPORT

GULLFJORDUNGEN SKULE



31. oktober – 3. november 2005



1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN

Rektor ved Gullfjordungen skule er Oddvar Skjefstad. Han tok til i stillinga 01.08.05.

Gullfjordungen skule har skuleåret 2005/2006 135 elevar fordelt på 7 klassar.

I alt er det 27 tilsette ved skulen:

17 pedagogisk personale, 5 fagarbeidarar/assistentar og 5 personar som anna personale (Reinhald og liknande).

Elevane fordeler seg slik i klassane:

1.årssteget:	14 elevar	2.årssteget:	21 elevar
3.årssteget:	27 elevar	4.årssteget:	8 elevar
5.årssteget:	26 elevar	6.årssteget:	19 elevar
7.årssteget:	20 elevar		

Rektor er har 100% administrasjon. Pedagogisk personale utgjør 11,3 årsverk, fagarbeidarar/assistentar er 3,6 årsverk.

Skulen ligg i eit tettbygd område ca. 2km vest for Vossevangen sentrum.

Hausten 2005 går det føre seg ei rehabilitering av skulen. Dette fører til noko tungvinte arbeidsforhold for både tilsette og elevar i ein periode.

3 VURDERINGSTEMA

Gullfjordungen skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Arbeidsplanar, vekeplanar og disponering av ressursar med omsyn til tilpassa opplæring.

Tilpassa opplæring har vore viktig i skulen lenge, men i det siste har det fått auka fokus, ikkje minst gjennom arbeidet til Kvalitetsutvalet og den nye læreplanen "Kunnskapsløftet".

Sjølv om det no har vore regjeringsskifte, har semja vore stor rundt dei vedtaka som gjeld m.a. tilpassa opplæring. Det er derfor eit svært aktuelt tema.



4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Det er trivsel på skulen	<ul style="list-style-type: none">- Lærarane gjev elevane merksemd ("ser") kvar dag- Eleven har vener på skulen- Det er lite konflikhtar på skulen- Eleven har arbeidsro- Dei tilsette trivst på skulen- Alle har noko å gjera i friminutta
Det er godt samarbeid mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- Det er god dialog om barnet si faglege og sosiale utvikling- Det vert lagt til rette for tovegskommunikasjon når skule og heim møtest
Elevane får tilpassa opplæring ved hjelp av arbeidsplanar/vekeplanar	<ul style="list-style-type: none">- Laget/teamet har sams mal for desse planane- Planane gir val m.o.t. vanskegrad- Læringsmåla er tydelege på planane, og vert tydelegare di høgare ein kjem i grunnskulen- Elevane har ulike arbeidsplanar- Planane er varierte m.o.t. arbeidsmåtar- Planane er oversiktelege og lette å skjøna- Elevane er med på å vurdere eige arbeid med planen- Planane inneheld utfordringar
Skulen driv tilpassa opplæring gjennom arbeidsmåtar og læringsstrategiar	<ul style="list-style-type: none">- Elevane arbeider på ulike måtar (t.d. uteskule, leik, prosjektarbeid...)- Elevane får uttrykkja seg på ulike måtar (t.d. drama, dans, foredrag, video...)- Ulike læringsstrategiar og arbeidsmåtar vert drøfta med elevane- Skulen nyttar digitalt utstyr til gjennomføring av fagplanane- Lærarane har kunnskap om ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar og drøftar desse- Ulike læringsaktivitetar går føre seg samstundes
Skulen har oversikt over elevane si utvikling og kommuniserer med eleven og heimen om dette	<ul style="list-style-type: none">- Elevane får tilbakemelding på arbeid undervegs- Elevane får sluttvurdering av eige arbeid- Elevane har elevmapper eller annan dokumentasjon på læring- Skulen evaluerer resultatet av kartleggingsprøvar / nasjonale prøvar- Skulen følgjer opp resultatata av desse prøvane og kan setja i verk tiltak- Skulen gjennomfører elevsamtalar- Elevane får trening i å disponera tida si- Læringsmåla er kjende for foreldre- Elevane er med på å vurdere eige arbeid- Elevane kjenner vurderingskriteria
Skulen disponerer ressursar i høve tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">- Det er sett av ekstra tid til elevsamtalar / utviklingssamtalar- Skulen brukar skule-/fellestid på planlegging/vurdering av tilpassa opplæring- Skulen brukar ressursar til undervisningsmaterieell for tilpassa opplæring



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: Elevar, foreldre, pedagogisk personale og rektor.
- Eksterne: Vurderingsparet
Liv Kristoffersen, Eidfjord og Gudny Fykse, Kvam.

Grunngjeving for val av informantar

Tilpassa opplæring gjeld først og fremst den einskilde elev, men læraren vil vera sentral når det gjeld korleis det skal gjennomførast. Foreldre/ føresette vil merka om eleven får opplæring som er tilpassa han/henne.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
8.09.05	Avtale om møte med rektor og personale	Vurderarane
Veke 37	Gjennomgang og fordjuping i vurderingstema. Val av metodar for informasjonsinnhenting.	Vurderarane
Måndag 19.09.05	14:00: Vurderarane møter personalet ved skulen.	Vurderarane
Måndag 19.09.05	14:30-15:30: Møte med plangruppa ved skulen. Mål med dette møtet er: <ul style="list-style-type: none">- å avklara vurderingstemaet- å presentera kriterium for vurderingstemaet- å avklara kven som skal delta i vurderinga- å avklara ansvarsoppgåver for partane- å bli samde om tidsplan	Vurderarane/plangruppa
Veke 38	Skulen får kriterieark.	Vurderarane
Veke 41	Skulen drøftar kriteria og kjem med evt. endringar og tillegg	Rektor
Veke 42	Skulen får materiell som skal fyllast ut for å gi vurderarane førehandsinformasjon	Vurderarane



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Veke 43	Retur av utfylte skjema og liknande	Rektor og lærarar. NB! Hugs utfylte foreldreskjema
Veke 43	Oppsummering av skjema. Utarbeiding av samtaleguidar.	Vurderarane
Veke 44 Måndag 31.10.05	Vurderarane møter på skulen. Foreldremøte kl. 18.00.	Rektor/ vurderarane
01.11.05	Observasjon i klassar. Intervju med lærarar og elevar.	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
02.11.05	Intervju med lærarar og elevar.	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
03.11.05	Samtale med rektor. 14:30: Framlegging av førebels rapport til personale.	Rektor/ vurderarar

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument som verksemdsplan, oversikt over disponering av rammetimetall, arbeidsplanar og vekeplanar frå alle årssteg.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-97 og Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart lagt fram på det fyrste møtet med skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandsskjema til partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar, foreldre og lærarar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa av skjema viste kva område vurderarane måtte henta inn meir informasjon om.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna henta endå meir informasjon om emnet, laga vurderarane samtaleguidar for foreldre, tilsette og elevar. På skulen samtala vurderarane med alle dei tilsette, grupper av elevar frå 3. – 7. steg og foreldre. Observasjon i gruppene på skulen.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå påstandsskjema og intervju og det ein observerte mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga fann vurderarane område som syner sterke sider og område skulen kan arbeida vidare med innan vurderingsområdet.



**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- **Elevane trivest på skulen**
 - Me møtte høflege og greie elevar
 - Gjennom påstandsskjema svara svært mange av elevane at dei trivest godt på skulen
 - Elevmiljøet verka trygt og roleg
 - Foreldra svara gjennom sine påstandsskjema at dei opplever at elevane trivest på skulen
 - Foreldra er tydeleg glad i skulen og engasjerer seg

- **Engasjerte lærarar med godt humør som bryr seg**
 - Personalet verkar reflekterte i høve til pedagogisk arbeid
 - Lærarane ser på vekeplanar og arbeidsplanar som eit middel til pedagogisk utvikling
 - Det verkar som at det er god kontakt mellom heim og skule
 - Me møtte positive og omsorgsfulle tilsette
 - Det er eit fint samspel mellom vaksne og born
 - Tonen mellom dei tilsette er lett og fin

- **Det er god orden på skulen generelt**
 - Trass i byggjearbeid på skulen, har tilsette og elevar klart å halda ein tilfredstillande orden
 - Lærarane har fått gode og funksjonelle arbeidsplassar etter ombygginga
 - Elevane er organisert slik at arbeidsro vert ivaretatt

- **Vekeplanar er i bruk på alle steg**
 - Både elevar og foreldre seier at dei likar å ha vekeplan
 - Skulen er allereie godt i gang med å arbeida med utviklingsområdet
 - Læringsmål er tatt i bruk på fleire av vekeplanane. Elevar fortel at foreldre les dette
 - Vurdering av eige arbeid er tatt i bruk på nokre planar

- **Arbeidsplanar er i bruk på mange steg**
 - Elevane seier at dei likar å arbeida med arbeidsplan og gir uttrykk for at då styrer dei tida sjølv
 - Planane inneheld oppgåver dei må gjera og oppgåver dei kan gjera
 - IKT er ein naturleg arbeidsreiskap i arbeid med arbeidsplan
 - På nokre arbeidsplanar skal elevane ved avkryssing vurdere eige arbeid med planen



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Skulen bør ha ein konsekvent bruk av omgrepa arbeidsplan og vekeplan**
 - Omgrepa må oppfattast og brukast likt av elevar, foreldre og tilsette
- **Vekeplanane bør ha ein tydelegare felles mal**
 - Vekeplanane bør vera gjenkjennelege frå klasse til klasse. Foreldre uttrykte at dette kan vera tenleg for dei som har born i ulike klassar
 - Læringsmål for fag vil gi elevane noko konkret å arbeida mot. Det vi og gi lærarane noko konkret å måla resultat mot. Føresette vil få betre innsikt i arbeidet innan dei ulike faga
 - Lekser kan differensierast ved at elevane får høve til å ta val
 - Elevane bør vera med å vurdera eige arbeid i høve læringsmål
- **Skulen bør vurdera eit breiare spekter av arbeidsmåtar**
 - Arbeidsplan bør gå inn som ein del av skuleveka i alle klassar
 - Elevane bør få høve til å velja i ulike oppgåver under "må-oppgåvene"
 - Fleire læringsstrategiar bør vurderast ut i frå at elevar lærer på ulike måtar
 - Det kan vurderast om bruk av uteskule bør aukast
- **Skulen bør utarbeida planar i høve bruk og oppfølging av kartleggingsmateriell**
 - Det bør lagast ei oversikt over kartleggingsmateriellet som skulen har
 - Ein plan for kartlegging på dei ulike klassane bør utarbeidast
 - Skulen bør ha ein rutine for oppfølging av kartlegging



10 VIDARE ARBEID ETTER NOVEMBER 2005
GULLFJORDUNGEN SKULE

Utviklingsområde	Idear	Dette er gjennomført etter 6 mnd	Tankar om vidare arbeid			
Skulen bør ha ein konsekvent bruk av omgrepa arbeidsplan og vekeplan	<ul style="list-style-type: none"> - Personalet drøftar og bestemmer korleis omgrepa skal brukast - Elevar og foreldre vert informert 					
Vekeplanane bør ha ein tydelegare felles mal	<ul style="list-style-type: none"> - Vekeplanen kan ha felles "logo" - Opplysningane kan ha fast plass/rekkefølge - Ein kan skriva treffetid for kontaktlærarane på planen 					
Skulen bør vurdere eit breiare spekter av arbeidsmåtar Forslag til litteratur innan vurderingsområdet: Moen, K.G.: <i>Nye arbeidsplanar for den aktive elev</i>	<ul style="list-style-type: none"> - Utvida bruk av arbeidsplan - Arbeidsplanen kan variera med: 					
	<table border="1"> <tr> <td>Same tema</td> <td>Same plan for klassen</td> <td>Lik plan for klassen med differensiering</td> </tr> </table>			Same tema	Same plan for klassen	Lik plan for klassen med differensiering
	Same tema			Same plan for klassen	Lik plan for klassen med differensiering	
	<table border="1"> <tr> <td>Ulik vanskegrad</td> <td>Bruka må – bør – kan</td> <td>Oppgaver med ulik vaskegrad innan tema</td> </tr> </table>			Ulik vanskegrad	Bruka må – bør – kan	Oppgaver med ulik vaskegrad innan tema
	Ulik vanskegrad			Bruka må – bør – kan	Oppgaver med ulik vaskegrad innan tema	
<table border="1"> <tr> <td>Ulik mengd arbeid</td> <td>Skilje i tid (t.d. rekna i 15 min.)</td> <td>Variera oppgåvemengd</td> </tr> </table>	Ulik mengd arbeid	Skilje i tid (t.d. rekna i 15 min.)	Variera oppgåvemengd			
Ulik mengd arbeid	Skilje i tid (t.d. rekna i 15 min.)	Variera oppgåvemengd				
<table border="1"> <tr> <td>Individualisering</td> <td>t.d. øv på glosene til du kan dei</td> <td>Opne felt for avtalar eller stryking</td> </tr> </table>	Individualisering	t.d. øv på glosene til du kan dei	Opne felt for avtalar eller stryking			
Individualisering	t.d. øv på glosene til du kan dei	Opne felt for avtalar eller stryking				
	<ul style="list-style-type: none"> - For å sikra variasjon kan skulen laga ei "smørbrøddliste" over arbeidsmåtar ein kan bruka - Skulen kan samla og katalogisera læremidlar (evt. supplera) 					
Skulen bør utarbeida planar i høve bruk og oppfølging av kartleggingsmateriell	<ul style="list-style-type: none"> - Det bør lagast ei oversikt over kartleggingsmateriellet som skulen har - Ein plan for kartlegging på dei ulike klassane bør utarbeidast - Skulen bør ha rutine for oppfølging av kartlegging 					

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 03.11.05

Gudny Fykse
 Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Liv Kristoffersen
 Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

Påstandsskjema for dei tilsette ved Gullfjordungen skule

**Vurderingstema: Arbeidsplanar, vekeplanar og disponering av
ressursar med omsyn til tilpassa opplæring**

Eg underviser på småsteget
Eg underviser på mellomsteget

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Elevane trivst på skulen				
2	Det er arbeidsro i øktene				
3	Det er lett å ta kontakt med skulen				
4	Foreldra støttar opp om skulearbeidet				
5	Foreldra får god tilbakemelding om eleven si faglege og sosiale utvikling				
6	Eg brukar arbeidsplanar				
7	Kvar elev får tilpassa vekeplan				
8	Vekeplanane inneheld læringsmål				
9	Elevane får differensierte lekser hjå meg				
10	Elevane er med på å vurdera eige arbeid				
11	Elevane er med på å vurdera eige arbeid med planen				
12	Elevane deltek i planlegginga av eigen læresituasjon				
13	Elevane mine får opplæring ut frå sine føresetnader				
14	Elevane kan velja arbeidsmåte av og til				
15	Elevane kan fordjupa seg i stoff som interesserar dei				
16	I gruppa mi går det føre seg fleire læringsaktivitetar samstundes				
17	Eg brukar IKT i nesten alle fag				
18	Eg brukar lek som læringsstrategi				
19	Elevane får tilbakemeldingar med utviklingsråd på større prøvar og leksearbeid				
20	Skulen drøftar resultatata av kartleggingsprøvene				
21	Etter drøftinga følgjer skulen opp resultatata og set i verk tiltak				
22	Eg ser på elevsamtalen som nyttig				
23	Eg er nøgd med skulen sine planar som omhandlar tilpassa opplæring				
24	Skulen har bra med læremiddel				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!



VEDLEGG 2

Påstandsskjema for foreldre ved Gullfjordungen skule

**Vurderingstema: Arbeidsplanar, vekeplanar og disponering av
ressursar med omsyn til tilpassa opplæring**

Mitt barn går i 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. (kryss av)

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Barnet mitt/vårt trivst på skulen				
2	Barnet mitt/vårt har venner/leikekameratar på skulen				
3	Eg veit kva barnet mitt/vårt skal læra kvar veke				
4	Eg har oversikt over kva som skal skje i klassen/gruppa til kvar tid				
5	Det er lett å rettleia barnet mitt/vårt i heimearbeidet				
6	Barnet mitt/vårt har oppgaver som passar til det han/ho maktar				
7	Arbeidsplanen/vekeplanen er lett å forstå				
8	Det er lett å ta kontakt med kontaktlærer viss me lurar på noko				
9	Lærarane nyttar ulike arbeidsmåtar på skulen ("vanleg" skule, uteskule, prosjektarbeid, data m.m.)				
10	Barnet mitt/ vårt har elevsamtale med kontaktlæraren sin				
11	Det er lett å ta opp ting i konferansetimane				
12	Barnet mitt blir lært opp til å arbeida sjølvstendig				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!



VEDLEGG 3

Påstandsskjema for elevar i 5., 6. og 7. klasse ved Gullfjordungen skule

**Vurderingstema: Arbeidsplanar, vekeplanar og disponering av
ressursar med omsyn til tilpassa opplæring**

Eg går i 5. 6. 7. (kryss av)

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Eg likar å ha vekeplan				
2	Eg veit kva eg skal læra kvar veke				
3	Eg veit kva arbeidsplan er				
4	Eg synest det er greit å ha arbeidsplan på skulen				
5	Eg har skulearbeid som er passe vanskeleg for meg				
6	Eg veit alltid kva eg har i lekse				
7	Eg får hjelp når eg treng det på skulen				
8	Eg får hjelp når eg treng det heime				
9	Eg trivst på skulen				
10	Det er arbeidsro i timane				
11	Eg likar turdag				
12	Eg arbeider ofte med data				
13	Eg snakkar ofte med kontaktlæraren min				
14	Eg har hatt førebudd elevsamtale med kontaktlæraren min				
15	Læraren seier når eg har gjort noko bra, og han seier når eg må arbeida meir med noko				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!



VEDLEGG 4

Påstandsskjema for elevar i 3. og 4. klasse ved Gullfjordungen skule

**Vurderingstema: Arbeidsplanar, vekeplanar og disponering av
ressursar med omsyn til tilpassa opplæring**

Eg går i 3. 4. (kryss av)

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Eg veit kva arbeidsplan er				
2	Eg synest det er greit å ha arbeidsplan på skulen				
3	Eg veit kva eg skal læra kvar veke				
4	Eg veit alltid kva eg har i lekse				
5	Eg får hjelp når eg treng det på skulen				
6	Eg har oppgåver på skulen som eg greier				
7	Eg får hjelp når eg treng det heime				
8	Eg trivst på skulen				
9	Det er arbeidsro i timane				
10	Eg likar uteskule				
11	Eg snakkar ofte med kontaktlæraren min				
12	Eg har hatt elevsamtale med kontaktlæraren min				
13	Læraren seier når eg har gjort noko bra				
14	Læraren seier når eg må arbeida meir med noko				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!